

Referat frå soknerådsmøte i Moster

tysdag 10.12. 2019 kl.19.00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Camilla Rubach, Gerda Bondø, Karianne Haugland Fimland og Aksel Lygre.

Møtte ikkje: Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik og Christian Kallevåg-Bjerke.

Opningsord: Gunnvald.

Enkel bevertning: Rune.

Sak 111 – 2019 Godkjenning av møtebok frå 26.11.19 og av innkalling.

Møtebok frå 26.11.19 vart godkjend utan merknad. Innkallinga til dette møte vart godkjend med tillegg av sak 117 og 118. Referat og meldingar fekk nr. 119. I skrivaren sitt fråvere, vart Gunnvald Bjotveit vald til referent av møtet.

Sak 112 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

Det kom opp namn som skulle spørjast til diakoninemnda og trusopplæringsutvalet. Desse vart sett opp i prioritert rekkjefylgje. Medlemmer i soknerådet fekk i oppgåve å spørja desse. Aksel sender ut liste med namn og oversikt over kven som spør.

Sak 113 – 2019 Samling med dei tilsette på samver 14. januar 2020 i Moster kyrkje.

Saka er overført frå førre møtet. AU føreslår at me legg samlinga til soknerådsmøtet 14.januar. Klargjering av lokale 17:30. Kl.18:00: Ordinært, men kort soknerådsmøte. 19:00: Måltid, der me stiller med litt kvar. (sjå under).19:30: Fellesmøte. Evalueringar, tilbakemeldingar, forslag. Gunnvald var til stades sist, og leier evaluering, Rune leier møte elles og takkar tilsette. Andakt ved Aksel. Aksel inviterer tilsette. Soknerådet gav sin tilslutnad til AU sitt framlegg. Alle vararepresentantar vert inviterte.

Mat vert fordelt slik: Aksel: Kyllinglår + salat

Gunnvald: Potetkaker

Rune: Potetsalat

Camilla: Spekemat + ost på fat

Gerda: Laks og eggerøre + egg og sild

Karianne: Dessert

Elin og Per Harald: Karbonadar m/løk + brød og smør (de avtalar)

Sak 114 – 2019 Innspel til vedlikehaldsbudsjett i fellesrådet.

Sjå sak 104. Vedtak: Soknerådet ynskjer ein dato frå kyrkjevevja som frist for innlevering av forslag til punkt på vedlikehaldsbudsjett for kyrkjene, som årleg rutine. Moster sokneråd har fylgjande prioriteringar for neste budsjett: 1) Måling og ytre vedlikehald av Moster kyrkje. Det er 25 år sidan kyrkja vart måla sist! Vannbord og kledning er ganske rote fleire stader. 2) Taket må sjekkast. 3) Vindaugo i koret. 4) Oppmerking av parkeringsplass hastar.

Sak 115 – 2019 Årsmelding

Vedtak: Dei tilsette, diakoniutvalet, trusopplæringsutvalet og kyrkjemusikalsk utval ser over sine tekstavsnitt og har forslag til ny tekst klar til møte i januar.

Soknerådet har fylgjande merknader til gamle og nye satsingsområde:
Diakoniutvalet vert oppmoda til å konkretisera sine målsettingar.

I møtet kom det opp framlegg om å konkretisera og tydeleggjera oppsettet i årsmeldinga:
Oppsummering av innsatsområde og målsettingar i 2019. Når det gjeld «**Innsatsområde og målsettingar for 2020**» så bør oversikta vera konkret og tydeleg om kven som har ansvaret og når det skal vera ferdig.

AU arbeider vidare med dette og legg fram eit framlegg til neste møte 14.01.20 og for endeleg vedtak 18.02.20.

Sak 116 – 2019 Teiknebretta til gudstenestene.

Leif Magne har ansvar for å kopiera ark til kvar gudstenestesundag. Kyrkjevertane ryddar og legg til rette for borna som er i gudstenesta. Ynskjeleg å dela ut teiknebretta under salmen før preika. Born som hentar sjølve før, må ikkje hindrast. Soknerådet etterlyser nye ark no når det er kome ei tredje tekstrekkje til. Kan Kyrjekontoret gje svar på dette?

Sak 117 – 2019 Brosjyre til alle husstandar i Moster sokn.

Orgelkomiteen sitt framlegg til brosjyre til alle husstandar i Moster sokn med oppmoding om å støtta kjøp av nytt orgel, vart lagd fram. Brosjyren vart godkjend. Bømlo-Nytt trykkjer og sender han ut med eit spreingsnummer saman med brev med giroblankett i januar. Takk til orgelkomiteen for godt arbeid.

Sak 118 – 2019 Endring av gudstenestelista.

Gudstenesta i Moster Amfi vert 07.06.20 kl. 11.00. Vidare vert alle gudstenester frå 06.09. til 15.11.20 flytta ei veke fram. Sjå gudstenestelista.

Sak 117 – 2019 Referat og meldingar

- Takkeannonse frå SR i Bømlo Nytt til medarbeidarar og kyrkjelyd vert ordna. Melding frå kyrkjevevje.
- Frå fellesrådet: Ikkje noko nytt møte.
- Frå orgelkomiteen: Ikkje noko nytt etter siste møte.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Ikkje noko.

Gunnvald Bjotveit
vikar skrivar